



Ypsøy kystgard
Øpso 17
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/919 - 15/8509

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
28.04.2015

RMP 2013 - korrigerering av søknad/utbetaling av søknad frå Ypsøy Kystgard gbnr 50/3

Administrativt vedtak. Saknr: 135/2015

Saksutgreiing:

Ypsøy Kystgard søkte 20.08.2013 om tilskot gjennom ordninga Regionalt miljøprogram mellom anna til beiting og kulturlandskapsskjøtsel.

Fylkesmannen gjennomførte i 2014 ein maskinell kontroll på nokre av dei omsøkte tema, og det vart då oppdaga at Ypsøy kystgard hadde søkt på ei ordning – Beite i utmark- som dei ikkje oppfylte vilkåra for å få. Det var eit krav for å søkja på denne ordninga at ein er medlem i eit beitelag og brukar fjellbeite.

Fylkesmannen sendte difor ut varsel om tilbakebetaling av tilskot. Dette vart påklaga av Ypsøy kystgard. Dei trudde dei hadde søkt på beite av kystlynghei som dei hadde rett på og få, men det nytt søknadsskjema og elektronisk søknad var vanskeleg og forstå og dei hadde difor skrive dyra sine på feil stad. I tillegg har dei i kommentarfeltet skrive at dei ikkje har fått til og teikna kartet rett slik at området som viser kystlynghei er større enn det skulle vera. I saka frå fylkesmannen står fylgjande:

Vi viser til klage på varsel om tilbakebetaling av løyvd tilskot til føretak som deltek i organisert beitebruk frå regionalt miljøprogram i 2013, brev dagsett 6. februar 2015. Klager opplyser at dei søkte i god tru på ordninga om beite i utmark, og trudde dei har søkt på tilskotsordninga om beite av kystlynghei. Ordninga var ny i 2013 og det er lett å missforstå tydinga av tittel på ordning, om beite av kystlynghei med beite i utmark. Feilen som vart gjort vart ikkje fanga opp ved sakshandsamar i kommunen. Klagar ber om at tilskotet vert berekna på nytt ved manuell sakshandsaming. Dette vert difor en sak mellom klagar og Meland kommune. Saken vert sendt over for endeleg

handsaming.

Vurdering:

Kommunen har gått gjennom søknaden på nytt og ser at det er korrekt at dei har søkt på feil ordning og retta opp i denne.

I samband med ny gjennomgang av søkanden oppdaga kommunen at det er feil areal som er brukt på kystlynghei, søkjar har skrive det i kommentarfeltet, men dette er ikkje fanga opp av saksbehandlar. I 2014 kom digitale verktøy som lettare kunne måla opp arealet som var tilskotsberetta, men dette var ikkje tilgjengeleg i 2013 verken for søkjar eller kommunen. Elektronisk søknad /ordningane var ny både for forvaltninga og bøndene og ein må difor akseptera at det i oppstarten kunne skje utilsikta feil. Kommunen har korrigert arealet skjønnsmessig på kart og på søknad. På søknaden i 2014 er det nytta digitale kartverktøy som gjev eit meir korrekt areal.

Fylkesmannen har sendt søknaden attende til kommunen og bede om at den vert korrigert i Estil og at beløpa vert motrekna. Søkjar har tidlegare fått utbetalt kr. 43 073 frå RMP. Søknadstala er no flytta til rett tiltak og tala for kystlynghei er korrigert. Ny berekning av tilskot syner at søkjar har rett på kr. 43 073 i tilskot. Det er difor ikkje naudsynt med noko motrekning.

Vedtak

Meland kommune har korrigert søknad om tilskot frå regionalt miljøprogram frå 20.08.2013 i samråd med skriv frå fylkesmannen. Det er gjort endringar i tiltaka, men motrekning syner at det ikkje medfører endring i utbetaling. Søknaden ligg no inne med rette tal og saka kan difor avsluttast.

Vedtaket er gjort med heimel i forskrift om tilskot til regionalt miljøprogram for 2013.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Landbruksavdeling
a

Mottakere:

Ypsøy kystgard

Øpso 17

5917

ROSSLAND